



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	26/8361 - 26/87118	Synnøve Valle - 712 80 239	25.06.2026
20210603	16.03.2026			
8-9				

Høyring av søknad om konsesjon for Fetegga pumpestasjon i Tafjordvassdraget i Fjord kommune

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld søknad frå Tafjord Kraftproduksjon AS om løyve til bygging og drift av Fetegga pumpestasjon, samt regulering av Reindalsvatnet. Det vert og søkt om løyve til bygging og drift av 22 kV kraftline i tilknyting til pumpestasjonen.

Det er planlagt at pumpa skal overføre vatn frå Reindalsvatnet (kote 1173) til Heimste Viksvatn (kote 1302-1319). Pumpa er planlagt med eit effektbehov på 2,2 MW, og samla pumpeeffekt blir

om lag 1,2 m³/s. Det blir samstundes søkt om å regulere Reindalsvatnet med 0,6 m. Det blir også søkt om løyve etter energilova § 3-1 til bygging og drift av 22 kV kraftline/kabel med tilhøyrande koplingsanlegg i tilknyting til Fetegga pumpestasjon. Pumpa er planlagt kopla til dagens 22 kV endemast ved Viksvasshytta via sjøkabel i Heimste Viksvatn og kabel gjennom overføringstunnelen og røyrtraseen.

Vi er bedne om å gje synspunkt på om planane i søknaden bør bli gjennomførte, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. NVE ønskjer også grunnleggjande forslag til mildnande tiltak som kan redusere moglege skader ved den planlagde utbygginga. I tillegg ber dei om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadane av tiltaket.

Energi

Frå eit energiperspektiv er Fetegga pumpestasjon positivt og ønskeleg for Møre og Romsdal. Møre og Romsdal har per i dag eit stort underskot av elektrisitet. Om lag 60% av normalt årsforbruk vert produsert i fylket, og resterande 40% må importerast. All ny lokal produksjon av fornybar energi vil bidra til å betre kraftbalansen for fylket. Tiltaket ved Fetegga pumpestasjon kan bidra til å nå fleire mål i fylkesplanen, mellom anna V2 som seier at «Møre og Romsdal skal ha nødvendig tilgang på kraft og nettinfrastruktur, energieffektivisere og basere auka produksjon på fornybare energikjelder og produksjonsanlegg for kjernekraft.»

Fetegga pumpestasjon kan bidra til produksjon av meir kraft og fleksibilitet i kraftsystemet i dei periodane på året når krafttettspurnaden er stor og vil dermed bidra til å avhjelpe drifta av kraftsystemet. I søknaden er det opplyst om at «Grunnlaget for konsesjonskraft til Fjord kommune aukar, auke i produksjon gir og meir grunnrenteskatt og naturressursskatt.» Når ein skal vurdere samla samfunnsnytte mot ulempene ved tiltaket, så ville det vore nyttig om søknaden inneheldt ei enkel og oversikteleg talfesting av samfunnet sine inntekter frå kraftverket, før og etter gjennomføring av tiltaket.

Friluftsliv

Som omtala i søknaden representerer fjellturisme og friluftsliv ei stor brukarinteresse i området. Tiltaket fører til inngrep i eit relativt urørt område som av Fjord kommune er kartlagt og verdsett som eit svært viktig friluftslivsområde. Tursti frå Kaldhussætra, gjennom Kaldhussetereindalen og vidare langs elva som kjem frå Reindalsvatnet vil få forringa opplevingskvalitet med regulering av Reindalsvatnet. Stien går også forbi tenkt plassering av pumpestasjon og kryssar røyr-/ kabeltrase til Fetegga. Støy og aktivitet i anleggs- og driftsfasen, vil også redusere opplevinga av urørt natur og landskapskvalitetane langs ruta. Slik sett vil tiltaket ha negative konsekvensar for naturopplevinga i eit attraktivt høgfjellsområde.

Dersom konsesjon vert gitt, bør det stillast krav om god landskapstilpassing av pumpestasjon og tekniske anlegg, skånsam istandsetting og revegetering av inngrepsområde. I tillegg vil

avgrensing av støy og anleggstrafikk i hovudsesongen for friluftslivsaktivitet verke avbøtande.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i Fylkestinget 7.12.2021 og av KLD 31.10.2022. Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging. Det er viktig at det blir tatt omsyn til vassmiljø og at det ikkje leggst planar som kjem i konflikt med miljømål fastsett i regional vassforvaltningsplan. Planen er tilgjengeleg på [Vannportalen](#). Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12.

Det er ingen referanse til vassforskrifta i søknadsdokumenta. I søknad blir det vist til vassdirektivperioden 2016–2021. Dette er utdatert og må endrast – gjeldande forvaltningsplan er for perioden 2022–2027, og oppdatert plan for perioden 2028–2033 er no under utarbeiding. Både tilstand, miljømål og forventa effekt må inngå i søknad, noko som ikkje er tilfelle i dag.

Den samla belastninga på vassmiljøet i området er allereie svært stor med bakgrunn i den omfattande kraftutbygginga. Omsøkt konsesjon vil tilføre ytterlegare belastning på vassmiljøet ved å bygge ut eit til no inngrepsfritt område ved Reindalsvatnet, og omdanne ein vassførekomst i god miljøtilstand til ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF).

Tiltaket vil endre status til SMVF for Reindalsvatnet, som i dag er i god miljøtilstand og ikkje er klassifisert som sterkt modifisert. Vatnet er ein del av vassførekomsten *Fetvasselva oppstrøms overføring frå Vikvatnet* med ID 099-72-R. Elva vil også bli påverka av reguleringa. Endra status her krev ei vurdering etter vassforskrifta § 12, noko som ikkje går fram av søknaden. Sjølv om det er sektormyndre som skal gjere den aktuelle vurderinga, bør det bli omtala i dokumenta, eventuelt kan miljømål for planperioden 2028-2033 settast til SMVF gitt at konsesjon er behandla før vedtak av plan.

Tiltaket vil få konsekvensar for fisk i Reindalsvatnet. Det er viktig at det blir vist til konkrete tiltak for ivareta fiskevandring og naturleg reproduksjon ved søknad og at det blir stilt slike krav ved ei eventuell godkjenning av konsesjon. Tiltak som fiskeutsetting bør ein søke å unngå, og er berre aktuelt der andre tiltak blir for dyre etter ei konkret kost-nytte-vurdering.

Automatisk freda kulturminne

I oppsummeringa heiter det at tiltaket ikkje er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette skuldast i første rekkje at det ikkje er gjort systematiske søk etter kulturminne i området. På ryggen mellom Fetegga og Storfjellet, noko lengre nord, blei det for 13 år sidan gjort svært viktige funn, og det er sannsynleg at mange kulturminne inne i Tafjordfjella framleis ikkje er

påviste. Dette gjeld ikkje berre bogasteller og fangstminne på fjell og skar, men også eldre fangstbuplassar som gjerne blei plassert langs fjellvatna.

Mangelen på eit tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag gjer det vanskeleg å vurdere konsekvensane på kulturmiljøfeltet, men vi vil også understreke verdien det urørte landskapet har for opplevinga av dei kulturminna som alt er kjent. I konsekvensutgreiinga er feltet vurdert til å ha liten negativ verdi sjølv om det i den oppsummerande tabellen på side 52–53 står ingen negativ verdi. Både landskapsbiletet og potensialet for funn gjer at vi meiner at det første er mest korrekt.

Vi har elles ingen vesentlege merknadar, men gjer merksam på at det i ein eventuell konsesjon må stillast krav til ei enda betre arkeologisk registrering, før godkjenning av ein detaljplan. Her må vi få eit underlag som gjer greie for alle planlagt inngrep, inkludert bygg og demningar, grøfte- og kabeltraséar, riggområde, masseuttak og deponi. Vi deltek gjerne på synfaringa, for å få eit betre oversyn over området.

Villrein

Noreg er det einaste landet i Europa som framleis har fjellområde med villrein. Dette forpliktar og det er viktig å sikre ein slik verdi for framtida.

Fylkeskommunane er regional planmynde og har ansvar for dei [regionale planane](#) for villrein, og oppfølginga av desse. Dei regionale planane skal sørge for ei heilskapleg forvaltning av fjellområda som er spesielt viktige for framtida til villreinen i Noreg. Regional delplan for Ottadalsområdet (Reinheimen-Breheimen) vart vedteke av tre fylkesting i 2016 etter ein lang og brei prosess. Hovudmålet med planen er å sikre villreinen i Ottadalsområdet store nok område for at stamma fortsatt skal kunne vera levedyktig i framtida.

Kvalitetsnormen for villrein frå 2022 gir ny kunnskap om situasjonen for villrein i dei ti nasjonale villreinområda. Her er områda vurderte etter ein trafikklysmoell, der Reinheimen-Breheimen er klassifisert som gul – middels tilstand. Gul og grøn er sett på som godkjend tilstand, medan raud ikkje er godkjend. Vurderingane er gjort på bakgrunn av bestandsforhold, lavbeite og leveområde/menneskeleg påverknad. Den nye kunnskapen viser at villreinen har store utfordringar i alle dei ti nasjonale villreinområda.

Heile utbyggingsområdet, og Tafjordfjella generelt, ligg innanfor Nasjonalt villreinområde (NVO)/Reinheimen-Breheimen villreinområde, og all anleggstransport vil skje innanfor det som i søknaden er omtala som Ottadalen villreinområde. Søknaden konkluderer med liten negativ konsekvens for villrein, men denne vurderinga bygger i hovudsak på eit mindre kunnskapsgrunnlag, utan oppdatert informasjon for villreinen sin bruk av området.

Tiltaksområdet ligg i randsona av eit nasjonalt villreinområde, der den samla belastninga av eksisterande og planlagde kraftanlegg i Tafjordfjella bør sjåast i ein regional og nasjonal samanheng, jf. nasjonale mål om å sikre leveområda til villrein.

Fylkeskommunen ber om at det vert innhenta oppdatert kunnskap om villreinen sin bruk av området. Effektar av utbygging og drift for villreinens bruk av området må utgreiast før det vert gitt konsesjon. Eventuelle avbøtande tiltak må vurderast som vilkår i konsesjonen. Vi støttar vedtaket til villreinnemnda.

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene våre og ber om at desse vert tekne omsyn til i den vidare behandlinga av saka.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
fylkesplansjef

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Fjord kommune

Innlandet Fylkeskommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vestland Fylkeskommune

Fagsaksbehandlar:

Vassforvaltning: rådgivar Håkon Slutaas

Energi: rådgivar Per Oterholm

Friluftsliv: Petter Jensen

Automatisk freda kulturminne: Kristoffer Dahle

Oversikt over fagsaksbehandlarane våre finn du på [fylkeskommunen sine heimesider](#).